



simas
Ressursar på rett veg

Til eigarkommunane i SIMAS IKS
Statsforvaltaren i Vestland
Sogn Regionråd

Festingdalen 01.06.2023

FRAMLEGG TIL ENDRING AV RENOVASJONS- OG SLAMFORSKRIFT FOR SOGN INTERKOMMUNALE MILJØ- OG AVFALLSSELSKAP IKS (SIMAS IKS)

SIMAS IKS sender med dette framlegg til endring av gjeldande renovasjons- og slamforskrift som skal gjelde i eigarkommunane ut på høyring.

Framlegget baserer seg på eit forslag om endringar av § 18 om fritaksreglar i den noverande forskrifta, samt ei presisering av verkeområde i § 2 om at forskrifta gjeld for eigedomar der det kan oppstå hushaldningsavfall.

Høyringsfristen er sett til 01.08.2023.

Innleiing

Noverande renovasjons- og slamforskrift for SIMAS IKS (heretter forskrifta) tredde i kraft 1. januar 2021. Forskrifta gjeld for kommunane Aurland, Høyanger, Luster, Lærdal, Sogndal, Vik og Årdal i Vestland fylke.

Forskrifta er gjeven med heimel i lov 13. mars 1981 nr. 6 om vern mot ureiningar og om avfall (ureiningslova) § 9, § 26, § 30, § 31, § 32, § 33, § 34, § 37, § 79, § 83 og § 85.

Forskrifta har som føremål å sikra miljømessig, samfunnsøkonomisk og forsvarleg oppsamling, innsamling, transport, gjenvinning og sluttbehandling av alt hushaldningsavfall, farleg avfall og slam, jf. § 1.

Forskrifta gjeld for «*alle matrikulerte og ikkje matrikulerte eigedomar som ligg i kommunane. Forskrifta gjeld for grunneigarar, tomtefestarar og andre som nyttar seg av kommunal avfallsordning. Forskrifta gjeld for heilårsbustader, hytter, fritidseigedomar og andre byggverk, definert som abonnenteining jf. § 3.*», jf. § 2.

Årsaka til framlegg om revisjon av noverande forskrift er ei fråsegn frå Sivilombodet den 18. nov 2022 i ei klagesak knytt til avfallsgebyr for fråflytta eigedom. Fråsegna er knytt til forskrifta § 18 femte ledd. Ombodet ber SIMAS å ta opp spørsmålet om § 18 5. ledd har tilstrekkeleg heimel i ureiningslova § 34 overfor kommunane. Sivilombodet meiner at retningslinene for fritak er for strenge, og ligg for nær tilfelle der eigedomen ikkje er omfatta av tvungen renovasjon.



Bakgrunn

Utgangspunktet er at eigedomar som vert omfatta av ordninga for innsamling av hushaldningsavfall etter § 30 må betale eit avfallsgebyr fastsett etter § 34. Gebyret kan ikkje overstige kommunen sine kostnader (sjølvkostprinsippet).

Ureiningslova § 30 gir kommunen plikt til å samle inn «hushaldningsavfall». § 27a definerer dette til å vere «avfall fra private husholdninger». I forarbeida til lova (Ot.prp. nr. 87 (2001-2002) går det fram at med «husholdning» meiner ein «alle typer boliger med privat husholdning, også boliger som ikke benyttes regelmessig, herunder hytter, fritidshus osv.»

Sivilombodet har i si årsmelding for 1986 på side 109 lagt til grunn at regelen må verte forstått slik at det må skje produksjon av hushaldningsavfall på eigedomen for at den skal vere omfatta av gebyrplikta i § 34. I motsett høve, der det ikkje er etablert eit hushald på eigedomen etter § 30, og det dermed ikkje vert produsert hushaldsavfall, er eigedomen ikkje omfatta av gebyrplikta etter § 34 og kan ikkje verte pålagt avfallsgebyr. I desse tilfella vil eigedomen vere fritaken frå gebyrplikt etter lova sin hovudregel.

I Ot.prp. nr. 87(2001-2001) s. 6 er det uttalt at om «en bolig skal defineres som en privat husholdning, vil bero på hvorvidt boligen i hovedsak bidrar til å gi beboerne rom for hvile og anledning til matstell».

Det avgjerande må vere kva eigedomen faktisk vert nytta til, og ikkje kva den potensielt kan verte nytta til.

Vurderinga av om eigedomen faktisk vert nytta til hushaldningsføremål, og om den skal underleggast gebyrplikt, skal difor gjerast etter reglane i ureiningslova og ikkje etter reglane i forskrifta § 18. Dersom eigedomen faktisk vert nytta er eigedomen underlagt gebyrplikt. I kva grad ein skal gje fritak eller avkorte gebyr for eigedomar som etter lova er underlagt gebyrplikt (altså at det blir produsert hushaldningsavfall der) må eventuelt vurderast etter forskrifta sine unntaksreglar.

SIMAS IKS tek ansvar for at forskriftsteksten har hatt upresis ordlyd og at handtering av fritaksreglar etter 2021 har vorte for streng. Vi ynskjer å ha tydelege og føreseielege fritaksreglar i tråd med intensjonen i ureiningslova,

SIMAS har forståing for at forskrifta sine reglar for fritak har skapt tvil hjå abonnentane for kva reglar som gjeld ved fritak. Sidan vurderinga av om ein eigedom faktisk vert nytta, og difor er omfatta av gebyrplikta, skal vurderast etter ureiningslova § 34, jf. § 30, føreslår SIMAS å endre ordlyden i forskrifta § 18 tredje til sjette ledd.

Forslag til endring i forskriftstekst

SIMAS føreslår å forenkle § 18 og gjere det meir tydeleg at § 18 er ein dispensasjonsheimel for eigedomar som i utgangspunktet er omfatta av gebyrplikta fordi det blir produsert hushaldningsavfall der. Dette er også ureiningslova sitt utgangspunkt, jf § 30, 2. ledd siste setning der det heiter:

«Kommunen kan etter søknad unnta bestemte eiendommer fra den kommunale innsamling.»

Lova siktar her på «objektive» trekk ved den enkelte eigedom, td. at den er fjerntliggande eller ligg vanskeleg tilgjengeleg. Ein kan ikkje lage unntak for brukargrupper, f.eks dei som eig hytte i kommunen der dei også bur fast.

Konsekvensen av endringa er at det blir tydelegare at vurderinga av om ein eigedom er omfatta av gebyrplikta vert handsama etter ureiningslova § 34, jf. § 30. Dette blir då eit reint spørsmål om det blir produsert hushaldningsavfall på eigedomen eller ikkje. § 18 vil gje heimel for å kunne vurdere å gje fritak for enkelteigedomar til tross for at eigedomen etter lova pliktar å vere underlagt offentleg renovasjon med tilhøyrande gebyrplikt.

I praksis betyr det at SIMAS framover vil ha to ulike heimelsgrunnlag for å vurdere unntak frå avfallsgebyr. For det første spørsmålet om ein eigedom i det heile fell inn under offentleg renovasjonsordning og gebyrplikt etter lova § 34, jf § 30 og for det andre spørsmålet om det likevel skal gis fritak på grunnlag av objektive forhold ved den enkelte eigedomen.

Dersom ein i tillegg til dispensasjonsheimelen i lova § 30, 2. ledd ønskjer å synleggjere dispensasjonshøvet i forskrifta, er vårt framlegg til ny ordlyd i § 18 slik:

«SIMAS kan etter grunngjeven skriftleg søknad gje dispensasjon frå desse forskrifter for særskilte eigedomar. Det er objektive trekk ved eigedomen som kan gje grunnlag for unntak i enkelttilfelle.

Søknad om dispensasjon skal innehalde korrekte opplysningar om eigar, eigedomen og andre opplysningar SIMAS treng for å handsame søknaden etter gjeldande regelverk. Det kan setjast vilkår ved dispensasjonen.

Dersom bygningen vert endra frå bustadhus til fritidsbustad i matrikkelen, er det vilkår om at melding vert sendt til SIMAS for vurdering av endring i slam- og renovasjonsgebyr.

Vedtak om endring av renovasjonsgebyr vert gjort gjeldande frå og med fyrste heile månad etter at vedtak om fritak eller reduksjon av gebyr er gjort.

Vedtak om endring av slamgebyr vert rekna frå årsskiftet etter registrering. Ved avslutting av eit abonnement, skal det reknast gebyr fram til siste tømning av slamavskiljar/septiktank fullt ut er betalt. Endringa kan tidsavgrensast.»

Vi har også gjort ei vurdering om andre ordlydar i forskrifta bør endrast i lys av sivilombodssaka.

Forskrifta sitt føremål i § 1 kan etter vår vurdering ikkje skape uklare grenser. Når det gjeld verkeområde i § 2 kan det vere naturleg å presisere at forskrifta gjeld berre for eigedomar der det kan oppstå hushaldningsavfall. Det er for å tydeleggjere skiljet mellom vurderingar etter ureiningslova og forskrifta.

Vi føreslår difor å endre ordlyden i andre ledd til:

«Forskrifta omfattar alle matrikulerte og ikkje- matrikulerte eigedomar som ligg i kommunane der det vert produsert hushaldningsavfall.»



simas
Ressursar på rett veg

Administrative og økonomiske konsekvensar:

Dei interne retningslinene til SIMAS vil bli endra i tråd med endringa i forskrifta. Retningslinene er til støtte for sakshandsaminga, og kan til dømes gje meir detaljar om kva tilhøve som normalt skal vektleggjast ved vurdering av dispensasjonssøknadar. Endring i retningslinene vil vi gjere etter at forskrifta er endeleg godkjend.

SIMAS har alt starta prosessen med å gå gjennom alle søknadane om fritak som er komme inn etter forskriftsendringa tredde i kraft frå 01.01.2021. Dei som har tilstrekkeleg dokumentasjon på at eigedommen ikkje vert nytta, vil få tilbakebetalt det som eventuelt er betalt for mykje i avfallsgebyr. Dette arbeidet vil også vere nyttig for å revidere retningslinene for fritaksvurderingar. Det må påreknast at SIMAS IKS vil ha auka driftsutgifter i form av auka administrasjonskostnad i ei tid til alle klagesaker i perioden 2021-2023 er gjennomgått.

Eventuelle endringar i forskrifta med tilhøyrande retningsliner vil også kunne få konsekvensar for renovasjonsgebyret for *alle* abonnentane i Sogn, jf. sjølvkostprinsippet. SIMAS IKS pliktar å ha ei renovasjonsordning i heile distriktet, og denne skal drivast etter sjølvkost. Dersom det som ein fylgje av forskriftsendringa no vert ein stor nedgang i tal betalande abonnentar, vil dei same renovasjonskostnadene måtte delast på færre betalande abonnentar, og gebyret vil kunne auke for alle.

Høyringsfrist:

SIMAS ber om at eventuelle merknadar til utkastet blir sendt pr. brev til SIMAS IKS, Postboks 40, 6849 Kaupanger eller på e-post til post@simas.no. **Frist: 01.08.2023.**

Høyringsbrevet og utkastet er også lagt ut på SIMAS si internettside: www.simas.no

Det vert også sett inn annonse i lokalaviser og sendt ut pressemelding slik at både private husstandar, næringsdrivande og offentlege instansar vert gjort merksame på utkastet og får høve til å uttale seg. Saka vil også verte omtala på SIMAS si heimeside.

Spørsmål om utkastet kan rettast til Victoria Straumann, tlf. 481 08 294 / e-post: victoria@simas.no

Vedlegg: Gjeldande renovasjon- og slamforskrift

Med venleg helsing
SIMAS IKS

Torunn G. Hønsi
Styreleiar

Dagny U. Alvik
Direktør